



Landbruk
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3117 - 22/41889

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
01.06.2022

Søknad om deling til utfale - gbnr 103/1,7 og 104/5

Tiltak: Søknad om deling og dispensasjon frå arealformål
Byggjestad: Gbnr 103/1,7 og 104/5-
Tiltakshavar: Vestland fylkeskommune

Saka gjeld søknad om arealoverføring av om lag 520m² frå gbnr 103/1, om lag 141m² frå gbnr 103/7 og om lag 277m² frå gbnr 104/5 til gbnr 103/35 og gbnr 104/57- fv. 57.

Areala er erverva i samband med at det er bygd tekniske bygg ved Lyngfjelltunellen. Dette etter krav til sikring av tunellar. Arbeidet er utført.

Det vert elles vist til søknad om arealoverføring og dispensasjon motteken frå Vestland fylkeskommune 08.04.2022.

Planstatus

Areala ligg i uregulert område sett av til LNF formål i kommunedelplan for Lindås (tidlegare kommuneplan for Lindås).

I tillegg ligg areala frå gbnr 103/1 og 103/7 i omsynsonene H560_oN57: Bevaring av naturmiljø- Storfugl, H110_sD17: Nedslagsfelt drikkevatt- Eidsvatnet og H210: Støysone: Raud iht. T-1442.

Arealet frå gbnr 104/5 ligg i omsynsonene H510_oL03: Omsyn landbruk- Kulturlandskap, H210: Støysone: Raud iht. T-1442 og H310: Ras- og skredfare.

VURDERING

Det er sendt førebels svar til fylkeskommunen der dei vert bedne om å grunngje dispensasjonssøknaden betre. Samt å gjere greie for dei vurderingane som er gjort i samband med at arealet ligg innanfor utløpsone for ras.

Ber om vedtak etter jordlova frå landbrukskontoret. Søknad om frådeling må vera handsama etter jordlova før den kan verta handsama etter plan- og bygningslova.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Oversiktskart 103_1 og 7.pdf

Kartvedlegg 103_7.pdf

Kartvedlegg 103_1.pdf

Kartvedlegg 104_5.pdf

Søknad om tiltak etter pbl. 20-1, rekv. av oppmålingsforretning og dispensasjonssøknad -
Arealoverføring

Mottakarar:

Landbruk

Postboks 4

5906

FREKHAUG